




- 200 000–150 000 f.Kr. Dei første moderne menneska oppstår i Aust-Afrika.
- 100–60 000 f.Kr. Sankarar og jegerar vandrar ut av Afrika, via den arabiske halvøya, og inn i Midtausten.
- 80 000–60 000 f.Kr. Dei første menneska slår seg ned i Sør-Asia og Kina.
- 60 000–40 000 f.Kr. Australia og Ny-Guinea blir nådde ved sjøreiser frå øy til øy.
- 50 000–35 000 f.Kr. Dei første sankarane og jegerane når Sentral- og Sør-Europa.
- 25 000–10 000 f.Kr. Dei første menneska slår seg ned i Amerika.
- 20 000–10 000 f.Kr. Siste istid tek slutt.
- 8000 f.Kr. Dei første busetnadene langs norskekysten.







- 11 000 f.Kr. Sankarar i Midtausten haustar ville kornsortar med steinsigd.
- 10 000 f.Kr. Jordbruk i Midtausten.
Hunden er tamd.
- 9 000 f.Kr. Dei første jordbrukssamfunna oppstår i området Den fruktbare halvmånen (frå Middelhavet/Svartehavet til Persiabukta).
- 7000 f.Kr. Dei første spora etter risdyrking i Kina og Sør-Asia.
- 6500 f.Kr. Villkrøter blir tamde til husdyr i Midtausten.
Jordbruket til Europa.
- 4000–3000 f.Kr. Jordbruket når Skandinavia.
- 3000 f.Kr. Mais blir dyrka i Mellom-Amerika.
- 1800 e.Kr. Jordbruket når Australia.






| | |
|-----------------|---|
| 3500 f.Kr. | Dei tidlegaste byane veks fram i Mesopotamia. Dei første tributtsamfunna. |
| 3100 f.Kr. | Hieroglyfane blir utvikla. |
| 3000 f.Kr. | Egypt samla til eitt kongerike. |
| 2700 f.Kr. | Dei første pyramidane blir bygde i Egypt. |
| 2500–1800 f.Kr. | Indus-sivilisasjonen i dagens Pakistan. |
| 2000–1400 f.Kr. | Den første europeiske sivilisasjonen på Kreta. |
| 1600–1027 f.Kr. | Shang-sivilisasjonen i Kina. |
| 1504–1492 f.Kr. | Egypt når si største utstrekning. |
| 1200–100 f.Kr. | Olmec-sivilisasjonen i Mexico. |






- | | |
|---------------|--|
| 800–500 f.Kr. | Grekarane etablerer byar og koloniar rundt Svartehavet og Middelhavet. |
| 509–507 f.Kr. | Athen blir eit demokrati, og Roma opprettar ein republikk. |
| 500–338 f.Kr. | Gresk stordomstid. |
| 490–479 f.Kr. | Persarkrigane. |
| 431–404 f.Kr. | Den peloponnesiske krigen mellom Sparta og Athen. |
| 338 f.Kr. | Filip av Makedonia legg under seg dei greske byane. |
| 323 f.Kr. | Riket til Aleksander den store når si største utstrekning. |







| | |
|--------------------|---|
| 509–31 f.Kr. | Romarriket blir styrt som republikk. |
| 264–146 f.Kr. | Punarkrigane mellom Roma og Kartago. |
| 44 f.Kr. | Cæsar blir myrda. Borgarkrig bryt ut. |
| 27 f.Kr.–476 e.Kr. | Det romerske keisardømmet. |
| 27 f.Kr.–14 e.Kr. | Augustus keisar i Roma. |
| 115–117 e.Kr. | Romarriket når si største utstrekning under keisar Trajan. |
| 235–284 e.Kr. | Borgarkrig, invasjonar og økonomisk krise fører riket til kanten av samanbrot. |
| 391 e.Kr. | Kristendommen blir offisiell statsreligion i Romarriket. |
| 395 e.Kr. | Romarriket delt i to, Vestromarriket og Austromarriket. |
| 476 e.Kr. | Den siste vestromerske keisaren blir styrta av germanske troppar. Vestromarriket går under. |
| 1453 e.Kr. | Tyrkarane erobrar den austromerske hovudstaden, Konstantinopel. Austromarriket går under. |







| | |
|-----------|--|
| 300–600 | Folkevandringstid. |
| 768–814 | Frankerriket når si største utstrekning under Karl den store, som blir krona til keisar av paven i Roma. |
| 800–1000 | Vikingar, arabarar og madjarar angrip Vest-Europa. |
| 962 | Otto I blir krona av paven til første tysk-romerske keisar. |
| 1054 | Brot romersk-katolsk og gresk-ortodoks kyrkje. |
| 1066 | Vilhelm Erobraren tek England. |
| 1100–1200 | Krosstoga. |
| 1119 | Det første universitetet i Europa blir oppretta i Bologna i Italia. |
| 1337–1453 | Hundreårskrigen mellom England og Frankrike. |
| 1347–1351 | Svartedauden i Europa. |






| | |
|-----------|---|
| 800–1000 | Norsk busetnad på øyane i vest. |
| 880–900 | Tilnærma tidspunkt for slaget i Hafrsfjord. Harald Hårfagres kongedømme. |
| 950–1050 | Kristendommen vinn innpass. |
| 1014 | Ladejarlane mistar makta i Trøndelag og Nord-Noreg. |
| 1030 | Olav Haraldsson (Olav den heilage) fell i slaget på Stiklestad. |
| 1035–1130 | Eitt rike, styrt av einekongar og samkongar. |
| 1130–1240 | Borgarkrigane. |
| 1152 | Erkebispedømme blir oppretta i Nidaros. |
| 1163 | Magnus Erlingsson blir konge etter ny tronfølgjelov. |
| 1184 | Sverre Sigurdsson slår Magnus i slaget ved Fimreite. |
| 1217 | Håkon Håkonsson, barnebarn av Sverre, blir konge. |






- 1217 Håkon Håkonsson blir konge.
- 1239–1240 Opprøret til Skule Bårdsson avsluttar borgarkrigane.
- 1260 Håkon Håkonssons tronfølgjelov.
- 1263 Magnus Lagabøte blir konge.
- 1260–1270 Noregsveldet på det største.
- 1274 Landslova.
- 1276 Bylova.
- 1277 Sættargjerda i Tønsberg – avtale mellom konge og kyrkje.
- 1280 Eirik Magnusson blir konge.
- 1299–1319 Håkon 5. Magnusson er konge. Døyr utan mannleg arving i 1319.






- | | |
|-----------|--|
| 1319–1355 | Felles konge med Sverige. |
| 1349 | Svartedauden kjem til Noreg (Bergen). |
| 1350–1400 | Hanseatane i norske byar. |
| 1380–1814 | Felles konge med Danmark. |
| 1397 | Kalmarunionen mellom Danmark, Sverige og Noreg. |
| 1450 | Avtale om evig union mellom Danmark og Noreg. |
| 1536–1537 | Det norske riksrådet avskaffa. Reformasjon. Noreg lydrike under Danmark. |






| | |
|-----------------------|--|
| Ca. 1700 f.Kr. | Indoeuropearane vandrar inn i Indusdalen. |
| Ca. 550–ca. 480 f.Kr. | Konfutse og Buddha. |
| 221 f.Kr. | Kina samla til eitt rike. |
| Ca. 570–632 | Muhammad lever på den arabiske halvøya. |
| 632–850 | Islam ekspanderer. |
| 700–1200 | Arabarane styrer i Midtausten. |
| 1100–1500 | Ghana, Mali, Songhai og Zimbabwe er dei viktigaste rika i Afrika sør for Sahara. |
| 1200–1400 | Verdsriket til mongolane. |
| 1300–1850 | Det osmanske riket styrer i Midtausten. |
| 1526–1857 | Mogulriket i India. |
| 1603–1868 | Tokugawa-shogunatet i Japan. |






| | |
|---------------|--|
| Ca. 600 f.Kr. | Dei første myntane blir prega i Hellas og Kina. |
| 1000 | Song-dynastiet i Kina og abbasid-kalifatet har komme lengst i handel og teknologi. |
| 1000–1300 | Byvekst i Vest-Europa. |
| 1450–1550 | Portugisiske handelsstasjonar i Afrika, Brasil og Asia. |
| 1500–1800 | Den handelskapitalistiske perioden. Europearane tek kontroll over handelen på verdshava. |
| 1600–1800 | England og Nederland dominerer verdshandelen. |
| 1698–1775 | Storbritannia aukar eksporten og importen av varer med mellom 500 og 600 %. |






- | | |
|-----------|---|
| 1432–1488 | Portugisiske ekspedisjonar utforskar kysten av Vest-Afrika. |
| 1492 | Columbus «oppdagar» Amerika. |
| 1498 | Vasco da Gama når India. |
| 1500–1550 | Spaniarane erobrar Latin-Amerika. |
| 1519 | Hernán Cortés erobrar aztekarriket i Mexico. |
| 1519–1521 | Magellan legg ut på den første jordomseglinga. |
| 1531–1535 | Francisco Pizarro erobrar inkariket i Peru. |
| 1607 | Første permanente engelske busetnad i Nord-Amerika blir oppretta i Jamestown, Virginia. |
| 1608 | Fransk busetnad i Quebec i Canada. |
| 1652 | Nederlendarar etablerer Kapp-kolonien på sørspissen av Afrika. |
| 1769 | James Cook til Australia. |






- 1419 Madeira får portugisisk busetnad og produserer sukker.
- 1501 Portugisarane finn Brasil. Gode vilkår for sukkerproduksjon her.
- 1510–1520 Dei første afrikanske slavane kjem til Amerika.
- 1545–1548 Store sølvfunn i Andesfjella og i Mexico.
- Frå 1570-åra Auka handel mellom Europa og Kina.
- 1600–1700 Nederland og England tek over etter spaniarane og portugisarane som dei fremste på verdshava.
- 1624–1654 Nederlendarane utviklar sukkerproduksjon i Brasil.
- 1763 Storbritannia tek kontroll over India.
- 1780 Den transatlantiske slavehandelen når sitt høgaste omfang med mellom 60 000 og 70 000 slavar i året.






- | | |
|-----------|---|
| 1300–1500 | Renessansen veks fram i dei norditalienske byane. |
| 1473–1543 | Nikolaus Copernicus, som hevdar at sola er sentrum i universet. |
| 1517 | Martin Luther offentleggjer sine 95 tesar i Wittenberg i Tyskland og set i gang den protestantiske reformasjonen. |
| 1519–1556 | Karl 5. regjerer som tysk-romersk keisar. |
| 1545–1563 | Kyrkjemøtet i Trento i Italia. |
| 1555 | Religionsfreden i Augsburg gir dei tyske fyrstane rett til å velje den lutherske eller den katolske læra. |
| 1618–1648 | Trettiårskrigen i Tyskland, mellom keisaren og lokale fyrstar. |






- 1555 Freden i Augsburg.
- 1556 Keisar Karl 5. abdiserer (gir avkall på trona).
- 1618–1648 Trettiårskrigen i Tyskland.
- 1629–1640 Karl 1. prøver å styre England utan Parlamentet.
- 1649–1660 Forsøk med republikk i England.
- 1660 Einevelde blir innført i Danmark-Noreg.
- 1661 Ludvig 14. innfører eineveldig styre i Frankrike.
- 1682 Peter 2. blir tsar i Russland og begynner moderniseringa av landet.
- 1688 The Glorious Revolution slår fast at Parlamentet har ei hovudrolle i det britiske styresettet.






- | | |
|-----------|---|
| 1624 | Den eldste bevarte norske kyrkjeboka blir teken i bruk i Andebu i Vestfold. |
| 1664–1666 | Det blir laga lister over alle mannspersonar i dei norske bygdene. |
| 1735 | Årlege tal på fødde, døde og ektevigde blir samla inn frå prestane. |
| 1769 | Den første folketeljinga i Noreg. |
| 1801 | Den første folketeljinga med opplysningar om einskildmenneske. 77 000 gardbrukarar og 55 000 husmenn. 10 % av befolkninga i Noreg bur i byar. |






| | |
|-----------|---|
| 1520 | Om lag 170 000 nordmenn. |
| 1665 | Om lag 440 000 nordmenn. |
| 1665–1669 | Produksjonen på alle norske gardar blir registrert i ein matrikkel. |
| 1723 | Ny matrikkel med opplysningar om kvar gard. |
| 1750–1760 | Potetdyrking kjem i gang fleire stader i Noreg. |
| 1769 | 725 000 nordmenn i den første folketeljinga. |
| 1801 | 880 000 nordmenn i ei folketeljing med omtale av kvar person. |





| | |
|-----------|--|
| 1500 | Vannsaga kjem i bruk i Noreg. |
| 1500–1650 | Trelastnæringa utviklar seg. |
| 1600–1700 | Bergverksnæringa utviklar seg. |
| 1623 | Sølvverket på Kongsberg. |
| 1644 | Koparverket på Røros. |
| 1650–1750 | Sjøfartsnæringa utviklar seg. |
| 1661 | 19 % av jorda i Noreg blir driven av sjølveigarar. |
| 1750–1752 | Dei første lovene som galdt vilkåra til husmennene. |
| 1770 | Kring halvparten av jorda i Noreg blir no driven av sjølveigarar. |
| 1801 | Folketeljinga viser at landet har 1800 embetsmenn, 8000 byborgarar, 77 000 gardbrukarar og 55 000 husmenn. |





| | |
|--------------|--|
| 1536–1537 | Det norske riksrådet avskaffa. Noreg lydrike under Danmark. Reformasjonen. |
| 1625–1660 | Skatt og toll blir hovudinntektene for staten. |
| 1660 | Arvekongedømme og einevelde blir innført. |
| 1660–1670 | Reform av det dansk-norske styringsverket. |
| 1684–1687 | Danske og Norske lov. |
| 1700–1720 | Den store nordiske krigen. |
| 1716 og 1718 | Svenske angrep på Noreg. |
| 1736 | Konfirmasjon blir innført. |
| 1739/41 | Offentleg skolevesen oppretta (Allmugeskulen). |
| 1741 | Den første fattiglova (for Akershus stift/bispedømme). |

